

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 30.04.2018
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Linn Jonassen
SAKA GJELD: **Oversikt over høyringar 22.05.2018**

ARKIVSAK: 2015/1423
STYRESAK: 055/18

STYREMØTE: 22.05. 2018

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Dato for brev	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
30.01.2018	Høyring – endringar av politidistriktsgrenser <i>Politidirektoratet har fått i oppdrag av Justis- og beredskapsdepartementet å tilrå kva politidistrikt dei nye kommunane skal høyre til.</i>	Høyringsfrist 01.05.2018	Høyringssvar blir ikkje sendt
30.01.2018	Høyring – rapport om like konkurransevilkår for offentlege og private aktørar	Høyringsfrist 02.05.2018	Høyringssvar blir ikkje sendt
09.02.2018	Høyring – forskrift om nytt biverknadsregister <i>Forskrifta skal gjelde innsamling og anna behandling av meldingar om biverknadar av legemidlar til menneskjer. Bruk av data om legemiddelbruk er eit viktig verktøy for systematisk oppfølging av pasientbehandling, som grunnlag for auka pasienttryggleik og betre kvalitet på helse- og omsorgstenestene.</i>	Høyringsfrist 09.05.2018	Høyringsbrev er sendt til HF-a
09.02.2018	Høyring – rapport frå ekspertutvalet som har vurdert nye oppgåver til fylkeskommunane <i>Utvalet sitt mandat var å vurdere oppgåver hos staten som kan overførast til fylkeskommunalt nivå. Forslaga skal kunne styrke fylkeskommunane sin samfunnsutviklarrolle, gi ein meir brukarvennleg forvaltning, ein betre offentlig ressursbruk, og betre tenester for innbyggjarane og næringsliv. Utvalet leverte</i>	Høyringsfrist 09.05.2018	Høyringssvar blei styrebehandla 08.05.2018

	<i>sin rapport 1. februar 2018.</i>		
20.02.2018	Høyring – NOU 2017:16 På liv og død <i>I mai 2016 satt regjeringa ned eit offentleg utval med mandat å gjennomgå og vurdere dagens palliative tilbod. Utvalet overleverte NOU 2017:16 På liv og død. Utvalet har foreslått tiltak for å møte brukaren/pasienten og dei pårørande sine behov og ønsker for innhald i, organisering av og sted for behandling, pleie og omsorg i livets sluttfase, uavhengig av diagnose, alder, bustad eller andre forhold, frå diagnosen blir stilt, gjennom sjukdomsperioden og fram til livets avslutning. Utvalet har foreslått tiltak som skal bidra til å styrke kvalitet, kompetanse, samhandling, fagleg omstilling og nye arbeidsformer, samt samarbeid.</i>	Høyringsfrist 21.05.2018	
27.02.2018	Høyring – ny konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 1. april 2020 <i>Samferdselsdepartementet gir tilskot til regionale flyruter på ein rekke strekningar i Noreg, der marknaden aleine ikkje sikrar tilfredsstillande transportstandard.</i>	Høyringsfrist 28.05.2018	
27.02.2018	Høyring – pakkeforløp gravide og rusmidlar <i>Helsedirektoratet fekk i 2016 oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet å utarbeide pakkeforløp for psykisk helse og rus. Dette er eit utviklingsarbeid basert på samarbeid med brukarane og fagmiljø i alle delar av helse- og omsorgstenesta, samt andre aktuelle aktørar.</i>	Høyringsfrist 01.06.2018	
28.02.2018	Høyring – rapport om handtering av einingspris for legemidlar og prinsipp for rutinar for prisinformasjon <i>Arbeidsgruppa for å utarbeide forslag til nye rutinar for handtering av prisinformasjon på legemidlar har levert sin rapport. I mandatet blei arbeidsgruppa blant anna bedt om å beskrive kva aktørar som skal ha tilgang til prisinformasjon og korleis aktørane skal få denne informasjonen. I møte 27.februar 2018 bad dei administrerande direktørane i dei regionale helseføretaka om at Sjukehusinnkjøp HF, på vegne av dei fire regionale helseføretaka, sender rapporten på høyring.</i>	Høyringsfrist 01.06.2018	
13.03.2018	Høyring – revidert standard for digitale anskaffingar	Høyringsfrist 27.04.2018	Høyringssvar blei ikkje sendt
23.03.2018	Høyring – Forslag til regulering av spesialistutdanning i allmennmedisin, samfunnsmedisin og arbeidsmedisin <i>Det blei i 2017 innført ny spesialistutdanning for legar. Med vedtaket av spesialistforskrifta 8. desember 2016 blei reguleringa fastsatt for dei 43 spesialitetane kor spesialistutdanninga primært gjennomførast i spesialisthelsetenesta, ved sjukehusa.</i>	Høyringsfrist 22.06.2018	

	<i>I dette høyringsnotatet fremmast forslag til korleis spesialistutdanninga for dei tre siste spesialitetane allmenn-, samfunns- og arbeidsmedisin (ASA-spesialitetane) skal regulrast. Dette er spesialitetar som skillar seg frå dei andre, ved at spesialistutdanning for ein stor del gjennomførast utanfor spesialisthelsetenesta. Spesialiteten allmennmedisin gjennomførast primært i den kommunale helse- og omsorgstenesta.</i>		
23.03.2018	Høyring – NOU 2018:7 Statistikklovutvalet <i>Finansdepartementet sender NOU 2018:7 Ny lov om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå på høyring. Utvalet blei oppnemnd 9. september 2016 av Finansdepartementet og har vore leia av professor Nils Henrik M. von der Fehr.</i>	Høyringsfrist 30.06.2018	
26.03.2018	Høyring – forslag til etiske retningslinjer for samisk helseforskning og forskning på samisk humant biologisk materiale <i>Sametinget utnemnde i 2016 eit utval satt saman av representantar frå samisk helsefagleg forskingsmiljø og juridisk ekspertise som fekk som oppgåve å utarbeide utkast til etiske retningslinjer for samisk helseforskning og forskning på samisk humant biologisk materiale.</i>	Høyringsfrist 25.05.2018	Høyringsbrev er vidaresendt til Kompetanse-senter for klinisk forskning
04.04.2018	Høyring – nasjonalt kommunikasjonsrammeverk for meldingsutveksling mellom EPJ og nasjonal løysning	Høyringsfrist 02.05.2018	Høyringsbrev blei også sendt til Helse Vest IKT. Dei held i saka.
12.04.2018	Høyring – utviklingsplan for Helse Førde 2040 <i>Helse Førde gjennomfører ein prosess med revisjon av føretaket sin gjeldande utviklingsplan frå 2015. Utviklingsplanen skal gje retning framover mot 2040, med revisjon kvart fjerde år.</i>	Høyringsfrist 12.05.2018	
12.04.2018	Høyring – Forslag til endringar i ekomregelverk om naudnummer, 5-sifra nummer mv <i>Høyringsforslaget gjeld mellom anna forslag om innføring av meir nøyaktig posisjonering av naudannrop frå mobiltelefon og frå IP-telefon. Det blir også føreslått ein ny føresegn som skal gi hørselshemmande brukara anledning til å påkalle naudsentralen med SMS og MMS.</i>	Høyringsfrist 23.05.2018	
13.04.2018	Høyring – nasjonalt handlingsprogram med retningslinjer for nevroendokrine svulstlar	Høyringsfrist 28.05.2018	
15.04.2018	Høyring – forslag til endringar i forskrift om tiltaks- og grenseverdiar <i>Bakgrunnen for forslaga er Eu sitt kommisjonsdirektiv 2017/164/EU som blei fastsatt 31. januar 2017.</i>	Høyringsfrist 18.06.2018	

	<i>Grunnlaget for forslaga er i hovudsak basert på kriteriedokumenter frå Eus vitenskapskomité for fastsettelse av grenseverdiar, Scientific Committee for Occupational Exposure Limits (SCOEL) for dei enkelte stoffa.</i>		
17.04.2018	Høyring – forslag til nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningar (RETHOS) <i>I denne omgang gjeld det barnevernspedagog-, bioingeniør-, ergoterapeut-, fysioterapeut-, radiograf-, sosionom-, sykepleiar- og vernepleierutdanningane. Høyringa gjeld åtte retningslinjer, éin for kvar utdanning.</i>	Høyringsfrist 01.08.2018	
17.04.2018	Høyring – rapport om behandlingstilbodet til personer med kjønnsinkongruens/kjønnsdysfori <i>Helsedirektoratet oppnemnde ei ekspertgruppe i desember 2014 for mellom anna for å vurdere behova for behandlingstilbod til personer med kjønnsdysfori og kjønnsinkongruens og å foreslå endringar i dagens behandlingstilbod, samt eventuelle andre tiltak for å sikre personar med transseksualisme og transepersonar gode pasientprosesser i alle deler av helsetenestane. Ekspertgruppa leverte rapporten Rett til rett kjønn – helse til alle kjønn som var på høyring hausten 2015.</i>	Høyringsfrist 22.05.2018	
17.04.2018	Høyring – rapport Prosjekt prehospitale tenester – fase 1 (Helse Førde HF) <i>Alle helseføretak skal utarbeide utviklingsplanar som ein del av iverksetjinga av nasjonal helse- og sjukehusplan. Utviklingsplanen til Helse Førde blir rullert våren 2018. Arbeidet med dei prehospitale tenestene er ein del av dette utviklingsarbeidet. Styret i Helse Førde HF gav i styresak 068/2017 tilslutnad til at prosessen med å utvikle og implementere ein plan for heile det prehospitale området skal gjennomførast i tre fasar.</i>	Høyringsfrist 30.05.2018	Høyringsssvar blir ikkje sendt
18.04.2018	Høyring – forslag til ny forskrift om pasientjournal <i>Forskrifta skal erstatte dagens forskrift 21. desember 2000 nr. 1385 om pasientjournal og forskrift 17. desember 2014 nr. 1757 om tilgang til helseopplysningar mellom verksemdar. Føresegna om tilgang til helseopplysningar internt i ein verksemd og mellom verksemdar er harmonisert. I motsetning til dagens pasientjournalforskrift, blir det foreslått at den nye forskrifta også skal gjelde for personell i apotek.</i>	Høyringsfrist 06.08.2018	Høyringsbrev er sendt til HF-a og Helse Vest IKT
25.04.2018	Høyring – NOU 2018:6 Varsling – verdiar og vern. Varslingsutvalets utredning om varsling i arbeidslivet <i>Varslingsutvalet har utført ein heilskapleg gjennomgang av varslingsreglene i arbeidsmiljølova og la 15. mars</i>	Høyringsfrist 03.09.2018	Høyringsbrev er sendt til HF-a og Helse Vest IKT

	<i>2018 frem NOU 2018: 6. Utvalet foreslår ein rekke tiltak for å styrke varslervernet i norsk arbeidsliv.</i>		
27.04.2018	Høyring – forslag til forskriftendringar – gebyr og sektoravgifter på legemiddelområdet <i>Forslaget tydeliggjer heimelen for gebyr for søknad om registrering av tradisjonelle plantebaserte legemidlar mv.</i>	Høyringsfrist 13.06.2018	